



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2192 - 15/18586

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
13.10.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassanlegg for to hytter på Landsvik, gbnr 51/16 og 33.

Administrativt vedtak. Saknr: 368/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad dagsett 29.07.2015 søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for to hytter på Landsvik, gbnr 51/16 og 33. Eigedomane var tidlegare tilknytta privat fellestank på gbnr 51/11. Då gbnr 51/11 vart tilknytta kommunalt vassverk, vart fellestank kopla ut og gbnr 51/16 og 33 fekk då automatisk vassforsyning frå kommunalt vassverk.

Gbnr 51/16 og 33 fekk godkjend utslepp til sjø via felleisleidning i administrativt vedtak i sak 366/2015.

Vurdering:

Kommunen er kjend med at eigedomane allereie er tilknytta kommunalt vassverk og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gbnr 51/16 og 33 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad dagsett 29.07.2015 vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- pluss mva per eining.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Stendal VVS AS
Gunda Falao Sparre

Blombakken 1 5911
Nordnesveien 42 5005

ALVERSUND
BERGEN